

Steinkjerpositiv  
Eigar: Snåsa bygdemuseum  
Positivmakar: Jakob L. Bredesmo og Sivert Strinda  
Produksjonsår: 1870-åra



Positivet er forarbeidet av Jakob L. Bredesmo. Han var far til lensmann Brede. Det vart laga til Sivert Strinda (Strindmo). Han var med på å laga positivet sjøl. Sivert reiste til Amerike, men positivet vart att. Fleire forsøkte å få kjøpe instrumentet. På ein eller anna måte fikk Lorents Vinje tak i det. Han budde i Viosen og mange er det som har dansa etter dette instrumentet med Vinje som spellmann. Da kona etter Vinje, Kristine F. Kolås døde, hadde hun i sitt testamente bestemt at instrumentet skulle tilhøre et fremtidig museum i Snåsa. Snåsa 3. mai 1991, Osvald Løberg.

Positivet står no på Herredshuset, men når det blir betre magasinshøve på Vonheim skal det attende dit.

I følge folketeljinga frå 1865 er Jacob Lorentzs. Bredesmo oppført som husfar på Bredesmoen i Snaasen og er 33 år. Han bor der saman med sin kone, to barn, foreldre, en søster og ei tenestepike.

Jacob var i teneste hos gardbrukar og handelsmann Anders Seem i Grong. Seem hadde mellom anna i oppdrag å bygge sagbruk i Sverige. Jacob var hans byggmester der. Det er Jacobs son, Lorentz, som har blitt mest kjent i Snåsa. Han var husmannssoenen som drog ut, og kom tilbake som lensmann.